


Ønskjer tomt på Børnes

22.06.2010



Børnes industriområde. Det er anten 134/33 eller 134/76 Uskedal Maskin og Utstyr er interessert i.

**Uskedal Maskin og Utstyr AS har skrevet til kommunen i håp om å få leige ei tomt på Børnes industriområde med opsjon på kjøp til dømes innan 2 år.**

**Det er Oddbjørn Kroka, Thomas F. Eide og Kenneth F. Eide som står bak verksemda**

Tomta dei ønskjer seg ligg i krysset mellom fylkesvegen og vegen ned til Børnes og er oppgitt å vera parkområde.

Prioritet nummer 2 som kan vera eit alternativ er ei tomt som grensar til den første men som er regulert til industriområde.

Firmaet har som sitt føremål å kunne tilby maskiner og personell til utleige. Det held no til i Uskedalen.

For å kunne nå ønska kundegruppe, vil dei nyte tomta til 'utstillingsvindauge' for maskinene sine i første omgang. Ei tomt på Børnes vil vera ei strategisk plassering av firmaet då dette er omrent midt i kommunen, held dei fram.

Av Ola Matti Mathisen



Interessen for Børnes har teke seg opp.